



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201304243-12/344/TALHALS

Dykkar ref.:
NVE 200803543-9

Bergen, 05. september 2013

Kvennelvi kraftverk i Kvam herad - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 8. mai d.å. der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til søknaden frå Småkraft AS om Kvennelvi kraftverk i Kvam herad. Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 29. august 2013, som sak 190/13, og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Fylkesutvalet i Hordaland rår frå utbygging av Kvennelvi kraftverk med bakgrunn i dei negative konsekvensane utbygginga vil få for friluftslivsverdiane i området.
2. Det er potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og protokoll frå møte i Fylkesutvalet 29.08.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
Rådgjevar

Kopi: Warren, Elisabeth Jan, Kultur- og idrettsavdelinga



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201304243
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Halsør, Tale

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	20.08.13	73/13
Fylkesutvalet	29.08.13	190/13

SØKNAD OM KVENNELVI KRAFTVERK I KVAM HERAD - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 20.08.13

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland rår frå utbygging av Kvennelvi kraftverk med bakgrunn i dei negative konsekvensane utbygginga vil få for friluftslivsverdiane i området.
2. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Fylkesutvalet 29.08.13

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland rår frå utbygging av Kvennelvi kraftverk med bakgrunn i dei negative konsekvensane utbygginga vil få for friluftslivsverdiane i området.
2. Det er potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 2. september 2013

Fylkesrådmannen i Hordaland
Bårdine Bretteville



Arkivsak 201304243-7
Arkivnr. 344
Saksh. Tale Halsør og Elizabeth Warren

Saksgang

Kultur- og ressursutvalet
Fylkesutvalet

Møtedato

20.08.2013
29.08.2013

SØKNAD OM KVENNELVI KRAFTVERK I KVAM HERAD - FRÅSEGN

SAMANDRAG


Småkraft AS søker om løyve til å nytte fallet i Kvennelvi på Kvamskogen i Kvam herad til kraftproduksjon. Venta årsproduksjon er 9,9 GWh og vil redusere vassføringa på ei 1450 m lang elvestrekning.

Tiltaksområdet ligg i Steinskvandalen på Kvamskogen som er eit av dei mest brukte friluftslivsområda i Hordaland. Dalen er ein av dei viktigaste inngangsportane til fjellområda innafor og er mykje nytta både sommar og vinter. Redusert vassføring i elvestrengen i tillegg til ny veg og inntaksdam vil vere godt synleg i øvre del av tiltaksområdet. Det er også venta at kraftstasjonen, som ligg like ved eit hytteområde, vil gi ein del støy. Utover dette er det ikkje venta at tiltaket vil gi vesentlege verknader for allmenne interesser.

Dei negative konsekvensane utbygginga vil få for friluftsliv blir stor målt opp mot samfunnsnytta i prosjektet. Vi vil difor rå frå utbygging av Kvennelvi kraftverk.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland rår fra utbygging av Kvennelvi kraftverk med bakgrunn i dei negative konsekvensane utbygginga vil få for friluftslivsverdiane i området.
2. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Bård Sandal
Regionaldirektør

1. Innleiing

Småkraft AS ønskjer i samarbeid med grunneigarar å byggje Kvennelvi Kraftverk i Kvam herad. Småkraft AS er eigd av BKK Produksjon AS, Skagerak Kraft AS, Agder Energi AS og Statkraft AS. Søkanden er på høyring frå NVE med frist 28.06.13. Hordaland fylkeskommune har søkt om utsett frist og har fått innvilga ny frist 1. september.

2. Prosjektet

a. Områdeomtale

Kvennelvi ligg på Kvamskogen i Kvam herad og er del av Steinsdalsvassdraget. Elva renn frå Steinskvannsdalsvatnet og ut i Longvotni ved fylkesvegen. Ved utløpet av elva ligg «Ungdomsheimen» som for tida ikkje er i drift. Langs elva er det hytter og det går grusveg opp til Øvre Kvannsdalsvatnet. Like ved er eit skitrekk som nyttar elva som vasskilde for snøkanonar på vinteren. Ein søknad om utbygging av Tokagjelet kraftverk lenger nede i vassdraget er for tida under handsaming i NVE.



Figur 1 Plassering av tiltaksområde for Kvennelvi kraftverk

b. Prosjektskildring

Ein del av det øvre nedbørsfeltet til Kvennelvi inngår i Samla Plan for vassdrag som overføring til eit anna nabovassdrag. I prosjektutforminga har tiltakshavar føresett at ei slik overføring vil finne stad.

Inntaket vil vere 32 meter langt og fire meter høgt og demme ned eit areal på 2,5 daa. Røyrsgata vil vere 1350 meter lang og vere nedgraven eller sprengt ned i terrenget. I anleggsfasen vil det krevje ei gate i terrenget 10-20 meter utan vegetasjon. På sikt vil traseen vere utan tre i 3-4 meters breidde. Kraftstasjonen vil liggje i dagen like ved ei hytte. Det vil vere behov for å byggje ein permanent veg på 80 meter frå eksisterande veg til kraftstasjonen. Til inntaket vil det byggjast ein 300 meter lang og 5 meter brei veg. Det er i dag ikkje kapasitet til at kraftverket kan levere til nettet. Det er planar om ein ny transformator i Øystese eller Samnanger som del av Sima-Samnanger. Når dette er klart, vil det vere ledig kapasitet i nettet.

Årleg venta produksjon er 9,9 GWh som gjev ein utbyggingspris på 3,90 kr/kWh.

Det er planar om å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 70 l/s i sommarsesongen grunna omsynet til landskap og biologisk mangfald. Utbyggjar vil finne støyreducerande løysingar for kraftstasjonen.

3. Verknad for natur og samfunn

For småkraftverk er det krav om at rapportar om biologisk mangfald og hydrologi er lagt ved søknaden. Utover dette er det ikkje gjort faglege utgreiingar som del av søknaden. I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden og den vedlagde rapporten om biologisk mangfald.

a. Kulturminne og kulturmiljø

Kvennelvi kraftverk er ikkje i konflikt med kjende freda kulturminne. Ruinane av et sommarfjøs ligg like ved planlagt inntaksdam. Omfang av utbygginga er vurdert som ubetydeleg til *liten negativ* for kulturminne og kulturmiljø.

b. Landskap

Landskapet er prega av skogkledde lier og avrunda fjellandskap. Nedre del av elveløpet går i eit trangt gjel og har to små fossar, men vegetasjon og bratte sider i elva gjer henne lite synleg i landskapet. Området kring inntaket er for det meste myr. Frå før er området sterkt prega av tekniske inngrep, særleg hyttebygging, men også vegar, skitrekk og fylkesvegen mellom Bergen og Hardanger. Det går ei lita bru over elva på kote 410.

Det største inngrepet i landskapet vert etablering av inntaksdam og veg til denne. Landskapet her er ope og inngrepa vil vere godt synlege i det nære landskapet. Røyrkata vil i øvre del gå over myr, og denne delen vil truleg ikkje revegeterast i særleg grad, men forbli synleg også på sikt. Redusert vassføring vil vere tydeleg i den øvre delen av tiltaksområdet og frå brua over elva, men vere mindre synleg i andre delar av tiltaksområdet, der elva går i eit trangt gjel.

Konsekvensen av tiltaket er vurdert å vere *liten negativ*.

c. Biologisk mangfald

Delar av elva går i ei bekkekløft med lokal verdi. Det vart ikkje gjort funn av raudlista artar i bekkekløfta, men det er vurdert å vere potensial for at det er slike i kløfta. Fleire av dei stadfesta artane krev mykje kalk og fukt. Det er potensial for at fossefall og strandsnipe lev i elva, men dette vart ikkje observert ved synfaring.

Nedgraving av røyrkata vil kutte ein del av vasstilsiget frå myrområdet og påverke mosefloraen negativt. Redusert vassføring i elva er ikkje venta å gi negative konsekvensar for levetilhøva for mose og lav, men det vil gjere næringstilgangen dårlegare for fossefall og strandsnipe. Den planlagde minstevassføringa er truleg ikkje tilstrekkeleg til at fossefall kan hekke her.

Konsekvensen av tiltaket for biologisk mangfald er vurdert å vere *liten negativ*.

d. Fisk og ferskvassbiologi

Vassdraget er anadromt, men det går ikkje anadrom fisk opp til Kvennelvi. Elva vert nytta som gyteareal for auren i Longvotni. Delar av denne bestanden stammar frå Kvennelvi og vatna ovanfor, status for bestanden i dag er at han er overtekt. Delar av tiltaksområdet er tidlegare klassifisert som lokalt viktig prioritert ferskvasslokalitet, fordi elva er ein større, uregulert vasslokalitet med opprinneleg plante- og dyresamfunn.

Redusert vassføring vil gjere levetilhøva dårlege for fisk i elva og mindre aure vil drive ned elva til Longvotni. Gyteareal for fisk frå Longvotni i nedre del og frå Steinskvanndalsvatnet i øvre del vert redusert, men dette er ikkje venta å få konsekvensar for bestandane. Kvennelvi vil miste sin verdi som prioritert ferskvasslokalitet.

Tiltaket er vurdert å få *liten negativ* konsekvens for fisk og ferskvassbiologi.

e. Samfunn og andre brukarinteresser

Kvamskogen er særleg vinterstid ein viktig utfartsstad for folk i Bergensområdet. I fjellområda er det gode forhold for turar til fots og på ski. Landskapet er avrunda og lett å ferdast i, og Steinskvanndalen er med grusvegen lett tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Steinskvanndalen er eit svært attraktivt turområde.

Kvamskogen er eit omfattande hytteområde med om lag 1700 hytter. Det er i dag hytter nær Kvennelvi på både sider og oppfor elva. Det går grusveg på både sider av elva som går inn til hyttefeltet, men som òg dannar utgangspunkt for stiar vidare innover i fjellet.

Kvamskogen generelt er vurdert å ha svært stor verdi for friluftsliv og delar av influensområdet har potensielt nasjonal verdi. Bekkekløfta med Kvennelvi er derimot ulendt terreng med avgrensa verdi for «vanleg» friluftsliv. Dei nærliggjande grusvegane er likevel mykje i bruk som tilkomstveg til friluftsområda og hyttene i området.

Kraftstasjonen vil gi frå seg støy, som særleg vil råke dei næraste hyttene. Det er fleire hytter som ligg under 50 meter frå kraftstasjonen. Støygrense for kraftstasjonar er sett til 50 dB og noko lågare dersom det er i drift om natta. Til samanlikning er grensa for støy for eit kontor med konsentrasjonskrevjande arbeid 45 dB. Utbyggjar vil setje i gang støydempande tiltak ved bygging. Inntaksdammen med tilkomstveg vil vere synleg i landskapet for folk som ferdast innover fjellet. Redusert vassføring vil vere synleg frå brua over elva ved kote 410. Anleggsarbeidet vil føre til støy og vil kunne gjere tilkomst til hytter og friluftsområde vanskelegare, både langs grusvegen oppover elva og dersom brua må stengast under arbeidet.

Konsekvensen av tiltaket for friluftsliv er vurdert til *liten negativ*, under føresetnad om at kraftstasjonen vert tilstrekkeleg lydisolert.

4. Vurdering og tilråding

Tiltaket er vurdert av Hordaland fylkeskommune som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. I tillegg er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, almenne interesser. Hordaland fylkeskommune har vedteke ein fylkesdelplan for små vasskraftverk som ligg til grunn for vurderingane. I tillegg til delplanen har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av landskap¹ og av friluftsområde² i Hordaland, som også er nytta i vurderingane. *Fylkesdelplanen* slår fast følgjande overordna ramme for småkraftutbygging i Hordaland:

R1	Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.
----	--

a. Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensvurderinga er tilfredstillande når det gjeld kulturminnetema, men manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne.

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltaket. Detaljplan med alle planlagde inngrep av varig og mellombelskarakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.


¹ Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland naturverkstad, 2011.

² Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland. 2008. I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.

b. Landskap

I følge verdikart for landskap i *Fylkesdelplanen* ligg Steinskvann dalen ved inngangen til eit større område av sårbart høg fjell av stor verdi. *Fylkesdelplanen* har følgjande retningsline for utbyggingar i sårbart høg fjell av stor verdi:

R4	Sårbart høg fjell 1. I sårbart høg fjell av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.
----	---



Figur 2 Tiltaksområdet ligg i Steinskvann dalen, der øvre delar er vurderte til sårbart høg fjell av stor verdi (markert raudt i kartet). Tiltaksområdet er markert med oransje sirkel - Verdikart sårbart høg fjell - Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland

Steinskvann dalen er i *Verdivurdering av landskap* vurdert å vere eit landskap av typen lågfjellsdalar over tregrensa av middels verdi. Dette er store, opne dalar som ligg mellom 600 og 1000 moh og strekk seg inn mot fjell og vidder. Ytterlegare etablering av tekniske anlegg til vasskraftproduksjon er vurdert å vere ein sentral endringsfaktor i denne typen landskap.

I følge verdikart frå *Fylkesdelplanen* og *Verdivurdering av landskap* er det ein del landskapsverdiar i Steinskvann dalen. Ei eventuell utbygging bør unngå å gjere for store endringar i landskapet, til dømes ved å redusere oppgradering og nybygging av veg.

c. Biologisk mangfald

I tiltaksområdet er det i følge biologisk rapport registrert to naturtypar av lokal verdi, ei bekkekløft og ein prioritert ferskvasslokalitet. Status som prioritert ferskvasslokalitet har elva fått sidan ho ikkje er regulert i dag og har eit opprinneleg dyre- og plantesamfunn. Ved å byggje ut kraftverk i elva misser ho sin status som prioritert ferskvasslokalitet. Då det ikkje er gjort funn av truga artar i elva er bortfall

av denne statusen av liten interesse. Bekkekløfta er også vurdert å ha lokal verdi grunna mangel på funn av truga artar. Utbygginga vil redusere levetilhøva for mose og lav, men då det ikkje er funne truga artar i kløfta er konsekvensen av utbygginga liten for biologisk mangfald.

I følge rapport om biologisk mangfald er det potensial for at fossefall og strandsnipe lev i elva. I følge artsdatabanken er det gjort mange registreringar av strandsnipe (kategorisert til *nær truga* i norsk raudliste) i nærområdet til tiltaksområdet. Ei elv med strandsnipe har i følge *Fylkesdelplanen* middels verdi. Utbygginga vil redusere levetilhøva for strandsnipe og fossefall og truleg vil ikkje fossefall kunne hekke i elva etter utbygging. Då det er fleire elver i nærområdet som ikkje er planlagt utbygd der desse fuglane kan finne føde er konsekvensen av utbygginga for desse fuglane liten.


Steinsdalsvassdraget er anadromt, men utbygginga ligg eit godt stykke ovafor den aktuelle strekninga og vil truleg ikkje ha innverknad for anadrom fisk. Det er sal av fiskekort for fiske i Steinskvandalen, men dei aktuelle fiskeplassane vil liggje ovafor tiltaksområde. Utbygginga påverkar i liten grad eller ingen grad desse og heller ikkje gytetilhøva for fisk i Longvotni. Totalt er det små konsekvensar for fisk.

d. Brukarinteresser

Steinskvandalen er i dag hovudsakleg i bruk som friluftsområde og brukarinteressene er knytt til turar sommar og vinter, hytter og stongfiske.

i. Friluftsliv

Kvamskogen er eit av dei viktigaste og aller mest brukte friluftsområda i Hordaland. Området har mykje hyttebusetnad og fleire skitrekk. Turen opp Steinskvandalen er ein av dei mest populære sommarturane på Kvamskogen. Steinskvandalen er også ein viktig innfartsport til stiane og turisthyttene i fjellområdet innanfor. I *Fylkesdelplanen* er tiltaksområdet vurdert til delvis stor og delvis middels verdi.



Figur 3 Tiltaksområdet (markert med grøn) ligg delvis i eit friluftsområde av stor verdi (raudt felt i kartet) og delvis i område med middels verdi (oransje felt i kartet) – *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland – verdikart friluftsliv*

Steinskvandalen vert i *Område for friluftsliv* vurdert til eit svært viktig utfartsområde med stor brukarfrekvens av nasjonal verdi. Vidare er det vurdert å ha mange opplevingskvalitetar og stor

symbolverdi, det er eigna til aktivitetar det ikkje finst gode alternative område til å gjere og er i høg grad tilrettelagt for spesielle grupper eller aktivitetar. Rapporten konkluderer med at i område av ein slik verdi *bør det ikkje skje inngrep eller utbygging*. Fylkesdelplanen har følgjande retningsline:

R7	Friluftsliv 1. Ein bør <i>vise varsemd</i> ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.
----	--

Den øvre delen av tiltaksområdet er i dag eit ope og lite påverka naturområde. Utbygginga vil føre til skjemmande tekniske inngrep i denne delen av tiltaksområdet. Inntaksdammen med tilkomstveg vil ligge synleg i myrlandskapet og vere eit framandelement. Redusert vassføring vil også vere synleg i denne delen av tiltaksområdet og frå brua som går over elva ved kote 410. Røyrsgata som vil gå gjennom myrlandskapet vil revegeterast på mellomlangsikt, men vil vere eit stort inngrep fram til då. Vidare vil anleggsfasen kunne gjere området vanskeleg tilgjengeleg i periodar når tilkomstvegane vert nytta til anleggsarbeid.

Med tanke på verdiane området har for friluftslivet i Hordaland, slik det er gjengjeve i *Område for friluftsliv* og i *Fylkesdelplanen*, vil konsekvensen av større tekniske inngrep i øvre del av tiltaksområdet vere stor.

ii. Støy

Støy er i følgje søknaden den største konsekvensen for friluftsliv. Dette gjeld særleg for hyttene som ligg nær kraftstasjonen. Tiltakshavar har stadfesta at dei vil halde seg til dei gjeldane støygrensene frå plan- og bygningslova og forsøke å redusere støynivået til under dette nivået. Grensene for støynivå frå kraftstasjon (50 dB) er høgare enn grensene ved til dømes konsentrasjonskrevjande kontorarbeid (45 dB).

Ei slik støybelastning vil redusere verdien av området for friluftsliv og særleg for dei hyttene som ligg nær kraftstasjonen. Småkraft har stadfesta at dei vil gjere ulike avbøtande tiltak for å redusere støy mot hyttene, men ein bør her vurdere å flytte kraftstasjonen lenger vekk frå hyttene dersom dette er mogleg, til dømes på nedsida av fylkesvegen.

5. Oppsummering og tilråding

For delområde Samlafjorden står det følgjande i fylkesdelplanen:

Samlafjorden delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landsskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Fjellområda frå Kvamskogen til Fyksesund har særleg stor verdi for friluftsliv. (--). Steinsdalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget. Området har fleire potensielt verdifulle bekkekløfter som må undersøkast nærare ved nye utbyggingsplanar.

Utbygginga vil få konsekvensar for landskapsverdiane i Steinskvanndalen. Den øvre delen av tiltaksområdet er ope myrlandskap der redusert vassføring, ny veg og inntaksdam vil vere skjemmande element.

Området er vurdert til nasjonal verdi for friluftsliv og dette er den allmenne interessa som tydelegast råka i dette prosjektet. Tiltaket vil gje store, synlege inngrep i eit svært mykje nytta turområde og i tillegg vere til hinder for utøving av friluftsliv under anleggsperioden. Etablering av kraftstasjon vil gi utfordringar med støy som vil kunne redusere verdien av friluftsliv i området ytterlegare, i tillegg til at den vil ligge nær ei rekkje hytter. Med tanke på verdiane området har for friluftslivet i Hordaland, slik det er gjengjeve i *Område for friluftsliv* og i *Fylkesdelplanen*, vil dette ikkje vere ei utbygging der omsyn til miljø og andre arealinteresser er tilstrekkeleg ivareteke og ikkje i tråd med retningsline 1.